

KONF
IRM
AN
20 ✝ 25



DEN NORSKE KYRKJA
Sula Sokn



Foto: Von/Kirkerådet

Velkomen!

No er det din tur til å bli

konfirmant i Sula kyrkjelyd!

ENDELEG KONFIRMANTTID!

Ei viktig tid - eit viktig val!

Vil du vere konfirmant hos oss? Om mindre enn eit år kan du få ein høgtideleg dag i livet ditt. Vi ynskjer deg velkomen som konfirmant i Sula kyrkjelyd!

Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkomen til konfirmasjon i kyrkja.

I konfirmasjonstida kan du lære meir om deg sjølv, forholdet ditt til andre menneske og Gud. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre.

Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud. Samtidig får du oppleve mykje nytt. Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, stille nye spørsmål, få nye opplevingar og kanskje nye venner!

Informasjonsmøte

**Det blir informasjonsmøte for alle i
Langevåg kyrkje mandag 10. juni kl. 18.00.**

Både foreldre/føresette og kommande konfirmantar er inviterte.

Påmelding

**Påmeldinga opnar tirsdag 11.juni kl. 18.00.
Påmeldingsfrist søndag 23.juni.**

For å melde deg på, går du inn på nettsida vår:

www.kyrkja.no/sula

Der vil du finne link til påmeldingsskjemaet.

Det er viktig at namn og kontaktinformasjon er fylt ut riktig, så vi får kontakt med dykk!

KONFIRMATION



Konfirmantåret er inndelt i 3 delar:

- a. Konfirmantopplegg
- b. Fellessamlingar
- c. Gudstenester

a. Konfirmantopplegg

Du kan velje mellom å vere:

Gruppe - konfirmant

Leir - konfirmant

Meir informasjon om dei ulike opplegga på side 9.

NB: Det er begrensa med plasser på leir, så du er ikkje sikra å få det om du vel det.

b. Fellessamlingar

I tillegg til opplegget ditt skal du også vere med på dette:

Tema-laurdagar (meir info kjem)

Nattcup - 15.november

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon tirsdag 8.april

Kappeprøving, fotografering og øving til konf.dagen

c. Gudstenester

I løpet av konfirmantåret skal du delta på **8 gudstenester.**

Oversikt over gudstenester i kyrkjene finn de på facebook, på nettsida eller i avisa. Når du har vore på gudsteneste skriv du navnet ditt på ei liste i kyrkja for å bli registrert. Alle konfirmantane blir presentert i ei gudsteneste i starten av konfirmantåret. (15.september i Langevåg, 22.september i Indre Sula)

Du kan gå på gudsteneste i andre kyrkjer enn på Sula. Send da ein e-post/sms om dette til oss slik at det blir registrert.

**Gudstenestekortet gjer det lett å halde oversikt.
Det får du utdelt i starten av konfirmantåret:**





Konfirmantopplegg

I år kan du velge mellom å vere
Gruppe- eller Leirkonfirmant.
I løpet av august vil du få vite kva
opplegg du er satt opp på.

Gruppe-konfirmant

Dei fleste konfirmantane får plass i Gruppe-konfirmantopplegget. Gruppene, ca. 20 konfirmantar i kvar, samlast vanligvis rett etter skuletid. Det vil vere samling ca. anna kvar veke gjennom konfirmantåret. På samlingane et vi mat i lag, leikar, har konkurransar, undervisning og ulike aktivitetar.



Leir-konfirmant

Det er også mulig å vere leirkonfirmant. Her er begrensa plass. Du MÅ kunne vere med på heile leiren for å velge dette alternativet, fordi leiren utgjer ein stor del av konfirmantopplegget. **Leiren er på Orreneset leirstad 04-07 oktober (første delen av haustferien).**

Leir er for deg som likar aktive dagar med fart, frisk luft og Guds frie natur. Vi et alle måltid i lag, og overnattar i hytter knytt til leirstaden. vi har undervisning og andre samlingar og aktivitetar både ute og inne. Det kan til dømes vere at vi skal ut i kano eller på tur på fjellet.

I tillegg til leir blir det samlingar ca. ein gang i månaden gjennom konfirmantåret. Desse vil vere på ein vekedag i ei av kyrkjene.





Kva forventer vi av deg som konfirmant?

Konfirmantåret skal vere eit kjekt år både for deg som konfirmant, dei heime og dei du møter som konfirmantleiarar. For å få til dette er vi avhengig av at du som konfirmant bidreg positivt inn i konfirmantopplegget.

Vi har 2 grunnreglar:

1. Vær mot andre slik du vil at andre skal vere mot deg! Vi forventer at ein oppfører seg godt ovanfor seg sjølv, medkonfirmantar og leiarar. Brot på dette kan gjere at vi må sende deg heim frå leir eller samlingar. Og vi tek kontakt med foreldre/føresette om det blir behov for det.

2. Du prioriterer konfirmantåret! Vi fører oppmøtelister på alle samlingar. Foreldre/føresette må gje beskjed om fråver.

12

Ved å melde deg som konfirmant, skriv du under på at du skal være med å bidra til at det blir ei kjekk konfirmanttid for alle.

TikTok: Sjekk ut #konfirmantene på TikTok og få eit innblikk i korleis livet som konfirmant kan være. (Nasjonal kampanje frå Den Norske kyrkja).



Opplev livet
som konfirmant
på TikTok
#konfirmantene



10 gode grunnar til å vere konfirmant i kyrkja



Foto: Von/Kirkerådet

- 1.** Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skulefag.
- 2.** Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
- 3.** Du får oppleve eit nytt felleskap med andre på samlingar, leir, nattcup og anna.
- 4.** Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
- 5.** På konfirmasjonsdagen får dei som er glade i deg feire deg.
- 6.** Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg.
- 7.** I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets små og store spørsmål.
- 8.** Du får tid til å reflektere, tenke kristisk og sjølvstendig om trua og kva kristendom er.
- 9.** Du blir ein del av eit større felleskap. Berre sjå på #konfirmantane på Tik Tok. (Sjå meir info side 12).
- 10.** Du møter folk med ulike meiningar, og saman med dei lærer du noko felles.

KONF
IRM
AN
✦

Konfirmasjonsgudstenestene

03.05 - Indre Sula kyrkje

04.05 - Indre Sula kyrkje

10.05 - Langevåg kyrkje

11.05 - Langevåg kyrkje

Ved påmelding ønsker de konfirmasjonsdag.

Vi trekk klokkeslett når alle er påmeldt. Vi set opp antal gudstenester og klokkeslett etter kor mange som melder seg dei ulike dagane.

Vi fordeler konfirmantane slik at vi ikkje treng å setje noko grense på kor mange gjester de kan ha med i kyrkja.

15

Dåp og konfirmasjon

Konfirmasjon betyr å stadfeste/bekreft. Når du vel kristen konfirmasjon blir løfta du fekk gjennom dåpen stadfesta

- At du er omslutta av guds kjærleik
- At du er ein del av kyrkja.

Ein treng ikkje vere døypt for å melde seg på som konfirmant. Du kan bruke konfirmasjonstida til å tenke på om du vil bli døypt og konfirmert.



Til foreldre/føresette

Vi forventer at de som foreldre/føresette tek del i opplevingane til konfirmanten gjennom konfirmantåret. Og her kjem litt om det vi har av forventningar til dykk.

- Vi forventer at de snakkar positivt om konfirmanttida.
- Konfirmantane skal delta på minst 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Vi vil at foreldre skal kome saman med dei til gudstenester.
- Viss konfirmanten av ein eller anna grunn ikkje kan møte til undervisning må vi få melding om dette frå foreldre/føresette.
- Vi forventer oppfølging heimefrå i høve oppmøte og andre ting som måtte oppstå gjennom året.

Foreldrehjelp

I løpet av konfirmantåret treng vi å ha med foreldre på ein del av det som skjer.

Nokre av oppgåvene er klare, medan andre kan dukke opp i løpet av året. Det er eit eige valg for foreldrehjelp i påmeldingsskjemaet.

Dei oppgåvene som er klare:

- Ta med kake til presentasjonsgudsteneste. **15./22.sept.**
- Hjelpe til på leir **4.-7. oktober**
- Vere lagleiar/vakt/medhjelper/stå i kiosk under Nattcup **15. nov**
- Bidra på tema-laurdag (meir info kjem)
- Vere med på KN-aksjonen **tysdag 8. april**
her må alle konfirmantar ha med ein vaksen

Konfirmanttid for alle!

Vi vil at konfirmanttida skal vere for alle, uansett!

Er du redd for å ikkje passe inn? det gjer du!

Men nokon treng litt ekstra tilrettelegging.

Vi er avhengig av å få informasjon om kva vi kan gjere for å lage konfirmanttida så bra som mogleg. Vi får ikkje informasjon frå nokon andre. Så om det er ting det er lurt at vi veit, er det fint om de både skriv dette i påmeldinga, og tek kontakt med oss før konfirmantåret startar.

Konfirmantåret skal ikkje vere ei belastning, så her kan vi saman finne gode løysingar. Ta kontakt!

Konfirmantavgift

Konfirmant - gruppe 2025 er på 1150,- kr.

Konfirmant -leir 2025 er på 1550,- kr.

Dette dekker utstyr og mat til konfirmantarrangementa.

Det skal vere mulig for alle å vere konfirmant i kyrkja, og økonomiutfordringar skal ikkje vere eit hinder for det.

Ikkje nøl med å ta kontakt om de treng redusert avgift eller utsatt betaling.

Det vert sendt ut faktura via e-post i løpet av hausten.

Pass på å skrive i påmeldingsskjemaet kven av foreldra/føresette som skal motta fakturaen.

Spørsmål?

Ta gjerne kontakt med oss om du lurar på noko.

Kontaktinfo finn du bakerst i brosjyra.

Merk at informasjonen frå oss, i all hovudsak, blir sendt via e-post. Hugs å sjekke "søppelpost" og merk post frå oss som ikkje søppel.

A young man with curly, light brown hair and green eyes is looking slightly to the right. He is wearing a dark green button-down shirt. The background is a warm, reddish-brown color with several glowing, blue, rounded rectangular shapes that resemble stylized faces or icons. The text 'KONFIRM AN' is written in a white, hand-drawn, sans-serif font, stacked vertically. Below the text is a white, stylized asterisk-like symbol.

KONF
IRM
AN
✱

Kontaktinformasjon:

A

Besøks**Adresse**

Sloghaugvegen 13
Rådhuset, 3-etasje

Post**Adresse**

Sula sokn
PB 228, 6039 Langevåg

S

Kyrkjekontor **Sentralbord**

Telefon: 70 19 96 00

Nettside: kyrkja.no/sula
Facebook: Sula kyrkjelyd

K

Ansvarleg **Kontaktperson**

Kateket Anne Marie Sødal
Mobil: 957 12 295
E-post: anne.marie.sodal@kyrkja.sula.no

KONF
IRM
AN
20 ✝ 25



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA
Sula Sokn